



Arne René Bratland
Kårbø 2
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/625 - 15/10072

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
21.05.2015

Godkjenning av søknad om utsatt frist for foryngelse/omdisponering av areal på Gbnr. 52/6 Kårbø.

Administrativt vedtak. Saknr: 168/2015

Saksutgreiing:

Arne René Bratland søker i brev dagsett 18.05.2015 om utsatt foryngingsfrist på hogstfelt på Gbnr. 52/6 på Kårbø. Grunnlaget for søknaden er at den ordnære fristen for forynging på 3 år har godt ut jf. § 7 forskrift om berekraftig skogbruk. Området er på ca. 20 daa og ble hogd i 2012, området skal omdisponerast til beite. Etter sluttavverking har ein 3 år på å forynge eit avverka areal, men det kan gjevast 2 års utvida frist etter §§ 7 og 16 i forskrift om berekraftig skogbruk.

Vurdering

Det omsøkte arealet var i 2015 plukket ut i foryngingskontroll, administrasjonen ble da kjent med at deler av arealet er tenkt brukt som beite, men at av ulike grunnar ikkje har komme i mål med å nytta området som beite. Søklar har opplyst om dersom ikkje heile arealet vil bli nytta som beite skal det plantast til med skog.

Etter forskrift om berekraftig skogbruk kan skogeigar fritt disponere om skogsareal til jordbruksareal. Men den same tidsfrist som gjeld forynging gjelder ved ein omdisponering. Dersom ein skogeigar vil nytta arealet til beite, er det ikkje søknadspliktig etter nydyrkingsforskrifta. Men det stilles krav til at eit ferdig omdisponert beite skal oppfylle krav før kommunen kan godkjenne omdisponeringa. Det skal vere eit dokumentert behov for jordbruksareal på eigedommen, og arealet skal vere eigna til jordbruksareal. Det skal vere eit grasdeke med minimum 50 % grasarter og/eller beitetolande urter. Hogstavfall skal ryddast og det

skal gjerdes inn etter retningslinjer for arealtilskott/beitetilskott for innmarksbeite. Det skal også gå fram av AR5-kartbasen at arealstatus er endra frå skogareal til jordbruksareal.

I forskrift om berekraftig skogbruk §§ 7 og 16 opnas det for ein utsatt frist for forynging/omdisponering. Utsatt frist kan gjevast ved klimatiske eller lokale forhold, men kommunen kan også dispensere frå føresegna i forskrifta dersom det er særlege skog- eller miljømessige omsyn tilseier det. Det skal godkjennast av kommunen at ein får utsatt frist. Administrasjonen understreker at skogeigar står fritt til å disponera sin eigedom slik han/ho ynskjer. Men at skogarealer ikkje skal ligge brakk, dei skal enten foryngast på ein tilfredsstillande måte eller nyttast som jordbruksareal. Det omsøkte arealet ligg nært veg og vil såleis vere lett tilgjengeleg for både jordbruksdrift og skogsdrift. Eit viktig moment i saka er at skogeigar er klar på at han ikkje vil la arealet ligge brakk, og at dersom ikkje heile arealet nyttas til beite skal det brukast til skogproduksjon, og det vurderast slik at utsatt frist ikkje kjem i konflikt med § 6 i forskrifta.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gi løyve til utsatt frist for forynging på det omsøkte arealet da det skal omdisponerast og nyttast som beite, eventuelt plantast til.

Vedtak

«Meland kommune gir Arne René Bratland utsatt frist for å disponere om sluttavverka areal på Kårbø. Ny frist er 31.12.2017, og arealet skal tilfredstille dei krav som stilles ved til beiter etter retningslinjer for arealtilskott/beitetilskott. Ved utgangen av fristen, skal arealet vere ferdig omdisponert eller tilfredsstillande forynga. Det er ikkje mogeleg å ytterligare søkje om utsatt frist jf. § 7.

Når omdisponering av arealet er ferdig skal kommunen varslast, og kommunen skal gi ein endeleg godkjenning på at arealet tilfredstillar dei krav som stilles til beite.

Grunnlaget for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§7 og 16 i forskrift om berekraftig skogbruk.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arne René Bratland

Kårbø 2

5917

ROSSLAND

